

Tabell E-fk

Kriteriedata. Fylkeskommunane

Tabell E-fk presenterer kriteriedata som ligg til grunn for berekninga av indeksverdiane som er presenterte i tabell D-fk.

Kolonne 1 – Innbyggjartal per 1. januar 2015

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Befolkningsstatistikk 2015.

Kolonne 2 – Innbyggjartal per 1. juli 2015

Tal frå SSB. Befolkningsstatistikk 2015.

Kolonnane 3-8 – Innbyggjartal per 1. juli 2015 fordelt etter alder

Tal frå SSB. Befolkningsstatistikk 2015.

Kolonne 9 – Innbyggjarar 6–34 år, skalert (ut over 32 pst)

Talet på innbyggjarar 6–34 år er omskalert til å telje innbyggjarar 6–34 år ut over ein fastsett minstedel. Minstedelen er sett til litt i underkant av delen til fylkeskommunen som hadde lågast verdi på delen innbyggjarar 6–34 år ved omlegginga av inntektssystemet i 2015, dvs. 32 pst.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:

$$[(\text{Innbyggjarar 6-34 år}) / (\text{Innbyggjarar i alt}) - 0,32] * (\text{Innbyggjarar i alt})$$

Eller:
$$[(\text{kol. 8}) / (\text{kol. 2}) - 0,32] * (\text{kol. 2})$$

Kolonne 10 – Psykisk utviklingshemma 18 år og over

Psykisk utviklingshemma 18 år og over, 2014. Tal frå SSB/KOSTRA.

Kolonne 11 – Søkjarar til høgkostnads utdanningsprogram

Primærsøkjarar 16 år eller yngre til vidaregåande trinn 1, yrkesfaglege utdanningsprogram inkl. utdanningsprogram for musikk, dans og drama, per 01.03. Gjennomsnitt for skuleåra 2013/2014, 2014/2015 og 2015/2016. Tal frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

Kolonne 12 – Reiseavstand i km

Samla reiseavstand i km frå innbyggjarane til sonesenter, innanfor soner på 11 000 innbyggjarar, 2011. Tal frå SSB/Geodata.

Kolonne 13 – Kilometer offentleg veg

Offentleg veg i kilometer, 2014. Tal frå SSB/KOSTRA. Berekna som summen av kommunale, fylkeskommunale og riks-/europavegar i tabell L.

Kolonne 14 – Innbyggjarar per kilometer offentleg veg

Innbyggjarar per kilometer offentleg veg er berekna ved å dividere innbyggjarar per 01.07.15 (kol. 2) med kilometer offentleg veg (kol. 13).

Kolonne 15 – Innbyggjarar per km offentleg veg, skalert (ut over 17)

Innbyggjarar per km offentleg veg er omskalert til å telje innbyggjarar per km offentleg veg ut over ein minsteverdi. Minstedelen er sett til litt i underkant av delen til fylkeskommunen som hadde lågast verdi på innbyggjarar per km offentleg veg ved omlegginga av inntektssystemet i 2015, dvs. 17.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:
((Innbyggjarar i alt)/(Offentleg veg i km)) – 17

Eller: ((kol. 2)/(kol. 13)) – 17

Kolonne 16 – Innbyggjarar busette spreidd

Innbyggjarar busette spreidd, per 01.01.2012. Tal frå SSB.

Kolonne 17 – Innbyggjarar busette spreidd, skalert (ut over 0,002)

Innbyggjarar busette spreidd er omskalert til å telje innbyggjarar busette spreidd ut over ein minstedel. For delen innbyggjarar busette spreidd er minstedelen sett til litt i underkant av delen til fylkeskommunen som hadde lågast verdi på delen innbyggjarar busette spreidd ved omlegginga av inntektssystemet i 2015, dvs. 0,002.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:
[((Innbyggjarar busette spreidd)/(Innbyggjarar i alt)) – 0,002] * (Innbyggjarar i alt)

Eller: [((kol. 16)/(kol. 2)) – 0,002] * (kol. 2)

Kolonne 18 – Netto driftsutgifter ekskl. avskrivningar (fylkesfaktor båtar)

Kriterieverdi for kriteriet "Fylkesfaktor båt" er netto driftsutgifter ekskl. avskrivningar til hurtigbåtar, gjennomsnitt 2012–2014 (KOSTRA funksjon 732), i 1000 kroner. Tal frå SSB/KOSTRA.

Kolonne 19 – Ferjesamband

Talet på ferjesamband 2014. Basert på innrapportering frå fylkeskommunane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2015, supplert med data frå SSB/KOSTRA 2015 og Ferjedatabanken 2013. Korrigert for endringar/nedleggjingar av Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet.

Kolonne 20 – Veglengde fylkesveg

Fylkesveglengde inkl. gang- og sykkelvegar, i kilometer. Tal frå Vegdirektoratet/MOTIV, 2015.

Kolonne 21 – Vedlikehaldsbehov

Bereknar vedlikehaldsbehov på fylkesvegnettet, i 1000 kroner. Tal frå Vegdirektoratet/MOTIV, 2015.

Kolonne 22 – Fylkesvegfaktor for drift og vedlikehald

Fylkesvegfaktor for drift og vedlikehald av fylkesvegar blir rekna ut ved å dividere berekna vedlikehaldsbehov (kol. 21) med fylkesveglengda (kol. 20). Hedmark har lågast verdi og får ein faktor på 1,0000. Faktoren til dei andre fylkeskommunane er uttrykt relativt til Hedmark. For Oslo er fylkesvegfaktoren eit vege gjennomsnitt mellom ein faktor på 9,6 for 35 km veglengde som blei overført i samband med forvaltningsreforma, og ein faktor på 4,0 for 278 km normert vegnett.

Kolonne 23 – Fylkesvegfaktor * fylkesveglengde

Fylkesveglengde (kol. 22) multiplisert med fylkesveglengde (kol. 20) gir kriterieverdien for kriteriet "Fylkesvegfaktor drift og vedlikehald".

Kolonne 24 – Elevar i statlege/private vidaregåande skular, vanleg undervisning

Tal på elevar i statlege/private skular – vidaregåande opplæring, som får vanleg undervisning. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2014 og 1. april 2015.

Kolonne 25 – Elevar i statlege/private vidaregåande gartner- og landbruksskular

Tal på elevar i statlege/private gartner- og landbruksskular – vidaregåande opplæring. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2014 og 1. april 2015.

Kolonne 26 – Elevar i statlege/private vidaregåande spesialskular

Tal på elevar i statlege/private spesialskular. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped, og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2014 og 1. april 2015.

Kolonne 27 – Elevar i statlege/private vidaregåande spesialskular, med opphald

Tal på elevar i statlege/private spesialskular som òg bur ved skulen. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped, og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2014 og 1. april 2015.